

Føresegner og retningslinjer for Interkommunal kommunedelplan for fastsamband Huglo

Kapittel 1. Føremål og tidlegare planar

§ 1-1. Føremål

Kommunedelplanen gjeld areal i Stord kommune og i Tysnes kommune til trasé for fv. 56 med tilhøyrande anlegg mellom Nord Huglo og Skorpetveit på Skorpo, Tysnes.

§ 1-2. Tidlegare planar

Arealbruken som er vedteken i denne planen med tilhøyrande føresegner gjeld før arealbruk i arealdelen til Kommuneplan for Stord 2010-2021, vedteken 15.11.2011 og Kommuneplan for Tysnes 2010-2022, vedteken 26.4.2012, med føresegner, og reguleringsplanane R-172-000 (1997) Nord Huglo Litlestølen og R-65 (2000) Reguleringsplan Nord Huglo.

Kapittel 2. Arealføremål (Pbl § 11-7 nr 2).

§ 2-1 Planen syner areal sett av til samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur, underformål veg.

§ 2-2 Ny veg skal byggjast i samsvar med Statens vegvesens handbok 017, dimensjoneringsklasse H1 (hovedveg for ÅDT = 0-1500 og fartsgrense 80 km/t), frå Nord Huglo til eksisterande veg på Skorpo. Eksisterande veg på Skorpo vert utbetra etter behov.

Tunnelar skal byggjast etter tunnelklasse A, med tunnelprofil T5,5 i samsvar med Statens vegvesen si handbok 021.

Endeleg utforming av kryssområda vert fastsett i reguleringsplanen.

§ 2.3 Haldeplass for buss vert fastsett som del av reguleringsplanen.

Kapittel 3. Omsynssoner (Pbl § 11 – 8).

§ 3-1. Sone for bandlegging før vedtak om regulering (etter Pbl kapittel 12) for fv. 56 Nord Huglo – Skorpo.

§ 3-1.1 Innanfor omsynssone for bandlegging av areal kan det ikkje setjast i gang tiltak etter Pbl § 1 – 6 som er i strid med eller kan hindre planlegging og utbygging av fv. 56 Nord Huglo – Skorpo før arealbruk og utforming er endeleg avgjort gjennom vedteken reguleringsplan.

§ 3-1.2 Tiltak på terrengnivå over tunnelar er tillate minimum 50 m innafør tunnelportalane. Tiltak under terrengnivå som kan gjera det vanskeleg å etablere eller drifta tunnelane er ikkje tillate.

Kapittel 4 Generelle føresegner (Pbl § 11 – 9)

§ 4-1 Krav om reguleringsplan ((Pbl § 11-9, pkt 1)

§ 4-1.1 Innafør plangrensa i vedteken kommunedelplan for fv. 56 Nord Huglo – Skorpo skal det utarbeidast detaljreguleringsplan i samsvar med Pbl kapittel 12. Endeleg plangrense skal fastsetjast i reguleringsplanen.

§ 4-1.2 Området skal regulerast til veganlegg med tilhøyrande kryss med lokal- og tilførselsvegar, vegkryss, gang- og sykkelvegar, busshaldeplasser og andre anlegg som trengs for å gjennomføra utbygging av fv. 56 Nord Huglo – Skorpo. Areal til anleggsgjennomføring inklusive riggområder og eventuelle massedeponi skal inngå i reguleringsplanen. Som del av reguleringsplanarbeidet skal lokalisering og utforming av massedeponi i høve til landskap og opplevinga av landskapet utgreiast.

§ 4-2. Omsyn til kulturmiljø, (Pbl § 11-9, pkt 7)

§ 4-2.1 Tilhøve til registrerte automatisk freda kulturminner i området (lov om kulturminner §§ 3, og 8) må avklarast på reguleringsplannivå og området må vurderast regulert til omsynssone.

Tilhøve til kulturminne og kulturlandskap må avklarast på reguleringsplannivå og leggjast inn som omsynssoner. Det verneverdige gardstunet i grenda Nord-Huglo skal i reguleringsplanen visast med omsynssone jf. pbl § 11-8.

§ 4-2.2 Det må utførast arkeologiske undersøkingar av område som vert rørt av vegtiltaket slik at undersøkingsplikta vert oppfylt (jf. lov om kulturminner § 9) før reguleringsplanen fv. 56 Nord Huglo – Skorpo kan godkjennast. Dette gjeld også registreringar i strandsona og sjøen ved etablering av bru eller anna anlegg samband med vegutbygging i eller ved sjø.

§ 4-3 Landskapsbilete, utforming og estetikk

§ 4-3.1 Utforming og materialbruk i samband med konstruksjonar som større terrengmurar, bruer, tunnelportalar, kulvertar, støyskjermar m.m., og andre tunge terrenginngrep som fjellskjeringar, fyllingar, deponiområde m.m. skal gjerast med sikte på å få ei god og heilskapleg estetisk utforming av veganlegga.

§ 4-3.2 I anleggsperioden skal det gjennomførast tiltak for å avgrensa landskapsinngrep.

Retningsliner for vidare planlegging

Arealavgrensing

- Reguleringsplanlegging av fv. 56 Nord Huglo – Skorpo skal i tillegg til å setja av areal til veganlegget også omfatta naudsynte omleggingar og nyetablering av vegar og tilkomst, bruer, avbøtande tiltak i form av eventuelle støyskjermar og omforming av sideterrenget og eventuelt anna areal knytt til veganlegget.
- Areal innafor omsynssona i kommuneplanen som det gjennom reguleringsplanen vert avklart ikkje skal nyttast til tiltak nemnt over, skal regulast tilbake til dagens arealbruksfremål.
- For område som berre skal nyttast til gjennomføring av veganlegget i anleggsperioden, skal framtidig arealbruk fastsetjast og gjennomføring skal sikrast gjennom føresegner om rekkefølge.

Deponi av overskotsmassar

- Det skal utarbeidast reguleringsplan / deponiplan for overskotsmassar, jf. § 4-1.2.
- Transportplan for å køyra vekk eventuelle overskotsmassar skal leggjast fram for Stord og Tysnes kommunar til uttale.

Kulturminne og kulturmiljø

- Både registrerte kulturminne og kulturmiljø og område med potensiale for funn av kulturminne skal undersøkjast slik at undersøkingsplikta vert oppfylt (jf. lov om kulturminner § 9)
- Det skal etablerast rutinar for korleis ein skal handsama funn av kulturminne både i anleggsperioden og seinare.

Naturmiljø

- Naturverdiar og biologisk mangfald i planområdet må dokumenterast i samsvar med Naturmangfaldlova § 8 - 2
- Inngrep i naturmiljø skal avgrensast i anleggsperioden. Ved bygging av veganlegg i eller i nærleiken av vassdrag, skal det spesielt leggjast vekt på avgrensing av utfyllingar og å unngå utslipp av forureining.
- Inngrep i naturbeitemark med høg verneverdi må avgrensast i størst mogeleg grad. Avbøtande tiltak skal vurderast.

Nærmiljø

- Veganlegget skal optimaliserast med omsyn til inngrep i nærmiljø, spesielt bustadmiljø
- Det skal utgreiast avbøtande tiltak med omsyn til barriereverknad som til dømes å oppretta gode og sikre kryssingspunkt for gang- og sykkeltrafikk
- Det skal utgreiast kva arealinngrep veganlegget vil føra med seg på berørte eigedomar
- Det skal gjerast ei strekningsanalyse av trafikktryggleiken langs dagens veg over Skorpo der vegen går gjennom eller nær gardstun. Aktuelle tiltak for å sikre mot trafikkulykker skal utgreiast.

Kollektivtrafikk

- Plassering av busslommer og haldeplassar skal innarbeidast i reguleringsplanarbeidet. Plassering skal gjerast i samarbeid med kommunane Stord og Tysnes, Hordaland fylkeskommune og Skyss.

Anleggsperioden

- For støy i anleggsfasen skal T1442 leggjast til grunn.
- Mellombels riggplassar skal utformast med oppsamling for mogeleg forureinande stoffer.
- Avbøtande tiltak som har samanheng med anleggsverksemd og bygging av tiltaket må være klarlagt og sett i verk innan bygge- og anleggsstart. Det gjeld mellom anna inngrep i naturområde med verneverdi, tiltak for å hindre forureining av vassdrag m.m.
- Det må utarbeidast planar for anleggsperioden som sikrar trafikkflyt, god trafikktryggleik og tilgjenge for alle trafikantgrupper.
- Matjord som vert grave vekk, skal takast vare på for utlegging som toppjord på rørt sideterreng når anleggsområdet skal setjast i stand att.
- Det skal utarbeidast deponiplan for overskotsmassar

Risikoanalysar

For å få fram viktige moment som skal utførast for å få sikra tilhøve for alle trafikantgruppene og omgjevnadane, skal det vurderast meir detaljerte risikoanalysar for veganlegget i høve til:

- Vurdering av eventuelle behov for restriksjonar eller tryggleikstiltak for transport av farleg gods, slik som særskilte køyretider, avstand mellom køyretøy, tilrettelegging for forbikøyring og stogg langs vegen etc.
- Utgreia tiltak knytt til sjølvredning i tunnelar.
- Utgreia tiltak i dagsone, i tunnel og på bru som kan redusera fare for utslipp til omgjevnadane og redusera fare for uhell og eventuelle konsekvensar av eit uhell – også i anleggsfasen.
- Stilla krav til entreprenør om rutinar for handsaming av dette.
-

Dato / revisjon: 07.11.2012

Vedteken 20.12.2012, Stord kommunestyre sak PS 92/12

Vedteken 19.02.2013, Tysnes kommunestyre sak PS 2/13


Ove Kvalnes, Einingsleiar RBO Stord kommune

